

nemner *Bergens kapitelbog* og *Norges beskrivelse* av *Absalon Pedersson* († 1574); *Heimskringla* (umsett fraa gamalnorsk), *Naturhistorie*, og *Norges og omliggende øers beskrivelse* av Peder Clausson († 1614). Dei norske minneskrifterne fraa dette tidebilet er av same slag som i bilet fyre, diplom eller brev, eikvar setningi i ei jordbok o. s. fr. Lagmennerne er dei som hev bruka mest norsk; so-leis maa me rekna til nynorsk mykje av det som *Jon Simonsson*, lagmann paa Agder (i siste helvti av 16de hundr.) hev skrive. Dei brev som kanslaren i Oslo paa kongens vegner ferda ut um draapssaker (landsvistbrev), vart skrivne paa norsk til 1567. Me ser av dette at den norske strau-men er til i skrift ogso i denne myrke tidi. Men det er aa merka at dei som skreiv norsk den gongen, kom ikkje utanum dei skriftmynster som fyre laag. Den *eldste nynorsken* er difor skriven *etter millom-norsk eller svensk-dansk mynster* og ber jamt merke etter mynstri.

Nynorsken skil seg i denne eldste tidi ut fraa millomnorsken i fleire maatar. Me nemner her, at alle vokalar hev vorte lange i nynorsk framfor ein einskild konsonant, t. d. *lesa*; dei vokalar som var stutte i gamalnorsk, hev fenge ein opnare lød: t. d. *vika*, mesta som det var skrive *veka*. — *n* fell burt i enden av mange ord: *kona* (g.norsk *konan*): dette hev gjort maalet meir vokalisk. — *t* fell like eins burt i slike ord som: *myky* (g.norsk *mykit*), *tingie* (g.norsk *tingit*). — I substantivbøygningi tek dativ til aa falla burt, helst i ubundi form. — Ad-jektivbøygningi er mesta som i nynorsk no; men — *er* (eller — *ar*, — *ur*) stend gjerne enno i mannkynsformi: *sanner* eller *sannar* (o: sann). — Mange framande, mest tyske ord kjem inn; *anama*, *bliffua*, *frilheit*, *bcwisa* (o: prova) o. fl.

Eldste nynorsk etter millom-norsk myn-